

APELL

KJÆRE KVEMMINGAR OG ALLE ANDRE FRAMMØTTE

PÅ VEGNE AV KVAM ARBEIDARPARTI VIL EG FÅ UTTRYKKJA SKUFFELSE, FRUSTRASJON OG MISNØYE MED DEI TO VEDTAKA SOM ER GJORT AV OLJE OG ENERGIDEPARTEMENTET I SOMMAR.

Sjølv om vedtaket frå 10. august ER EIT STYKKE PÅ VEG Å IMØTEKOMMA KRAVA FRÅ HARDANGER OM UTREDNING AV KABEL , SÅ MÅ VI KONSTATERTA AT JORDKABEL OPP STEINSDALEN OG VIDAREFØRING AV KABELN I HARDANGERTUNNELEN UNDER KVAMSKOGEN IKKJE ER TATT MED I UTGREINGA.

I HEILE HARDANGER OG PÅ FYLKESNIVÅ I HORDALAND HAR KRAVET VORE KABEL PÅ HEILE STREKKJA FRÅ SIMA TIL SAMNANGER

DESSUTAN FÅR VI I AUGUSTVEDTAKET TRUSSELEN OM EIT LUFTSPENN FRÅ NORHEIMSUND OVER KVAMSKOGEN TIL BØRDALEN I SAMNANGER OM KUN SJØKABEL VERT VALGT. OG IKKJE NOK MED DET - BYGGINGA AV LINJA FRÅ MØDAL TIL SAMNANGER SKAL EIN STRAKS GÅ I GANG MED FØR UTREDNINGSRESULTATA LIGGA FØRE 1.2.2011

VI I KVAM ARBEIDERPARTI KREV AT:

PKT 1: KABEL VERT UTGREIDD PÅ HEILE STREKKJA FRÅ SIMA TIL SAMNANGER SLIK DET HAR VORE SEMJE OM LOKALPOLITISK .

PKT 2: INGEN ANLEGGSTART I HAUST. VI MÅ AVVENTA UTREDINGANE OG IKKJE LÅSA VALA SOM SKAL GJERAST VED Å STARTA BYGGING AV LUFTLINJA NO.

OLJE OG ENERGIDEPARTEMENTET ØYDELEGG FOR LEGITIMITETEN TIL UTVALA OM DEI IKKJE TAR SEG TID TIL Å VENTA PÅ RESULTATA AV UTGREIINGANE.

ANLEGGSSSTART NO BETYR AT VI VIL OPPLEVA ARBEIDET TIL DEI 4 UTVALA SOM EIN DEMOKRATISK SKINNMANNØVER OG UTAN REELL INNFLYTELSE PÅ DET ENDELEG VEDTAKET

EG VIL I DAG SLÅ FAST AT DET ER INGA LOKALPOLITISK STØTTE TIL MONSTERMASTER I KVAM OG BERGEN SITT VIKTIGASTE TUR OG HYTTEOMRÅDE NEMLEG KVAMSKOGEN.

OG LA DET VERA KLINKANDE KLART : MONSTERMASTER NED TIL SJØLVE NORHEIMSUND VIL VERA HEILT UTOLELEG FOR OSS SOM BUR HER I BYGDA.

EG VIL OPPSUMMERA:

INGEN ANLEGGSTART NO

VEDTAKSPROSESSEN MÅ NULLSTILLAST

**HERADSSTYRA I DEI INVOLVERTE HERADA MÅ FÅ SAKA TIL NY HANDSAMING NÅR
UTVALSARBEIDA ER AVSLUTTA OG TILRÅDINGANE ER OFFENTLEGGJORT.**

**SAKA MÅ FÅ SI ENDELEGE AVGJERSLE I VÅRT HØGST DEMOKRATISKE ORGAN :
STORTINGET**

FØRST DÅ VIL VI FÅ EIT VEDTAK SOM HAR BÅDE POLITISK OG DEMOKRATISK LEGITIMITET

Atle Naterstad.

Norheimsund 27.09.10